

ÅRSMELDING FOR 2019 – Indre Nordmøre Senioruniversitet

Indre Nordmøre Senioruniversitet hadde ein uformell start på nyåret 2011, og årsmøtet i 2012 (23/2) vedtok følgjande **vedtekter**:

§ 1 Senioruniversitetet for Indre Nordmøre omfattar kommunane Halsa, Rindal og Surnadal.

§ 2 Senioruniversitetet er eit frivillig, ideelt og ikkje-kommersielt lag som er retta mot pensjonistar og interesserte elles som er ledig på dagtid. Siktet målet er å få til gode sosiale samvær og utveksling av kunnskap presentert på ein populær måte. Frå starten er det snakk om 2-3 arrangement i halvåret.

§ 3 Arrangementa vil primært dreie seg om populærforedrag og innleiingar til samtale og debatt. Men arrangementa kan og kombinerast med utstillingar, omvisningar eller "vandringar". Det blir lagt vekt på mest mogleg bruk av lokale ressurspersonar og personar med tilknytning til Indre Nordmøre.

Ut frå desse rammene er følgjande arrangement **gjennomført i 2019**:

17/1 Årsmøte 2019

Årsmøtet vart halde på Kulturhuset i Surnadal 23.januar, med vel 20 til stades. Ut frå årsmøtevedtaket i 2018 om medlemsskap i laget vart det vedtatt å halde fram med medlemskontingenen på 100 kr og ein møtepris på 100 kr pr møte for medlemmar, og 150 kr for ikkje medlemmar. Ved årsskiftet 2018-19 var 44 personar registrerte som medlemmar i INS, og ved årsskiftet 2019-20 var også talet 44.

Etter årsmøtet 2019 var styret organisert slik:

Leiar : Helene Nergård (2018-20)

Sekretær : Eivind Hasle (2018-20)

Kasserar: Marie Drøivoldsmo (2018-20)

Nestleiar: Einar Oterholm (2019-21)

Styremedlem: Gunnvald Bøe (2019-21)

Varamedlem: Norvald Bondhus (2019-21)

Varamedlem: Kjellaug Foseide (2019 -20)

Revisor : Jan Gausen (2019-20)

Turkomite: Marie Drøivoldsmo og Gunnvald Bøe (2019-21)

Gunnvald Bøe døydde brått våren 2019, og Kjellaug Foseide rykte opp som fast medlem, og ho gjekk også inn i turkomiteen.

Som program på årsmøtet vart det gjennomført ein songtime med ulike songar under leiing av organist Tor Strand, og vist på skjerm ved Einar Oterholm. Songtimen vart også dette året svært vellykka.

Møte elles og turar/bedriftsbesøk

14/2: Operatur til Kristiansund for å sjå «Rigoletto». 40 deltagarar. Vellykka opplegg, med busstur, fellesmiddag på «Smia», orientering om stykket - og sjølve framsyninga.

27/3: Anne Vognild Einum: Orientering og bildeframvisning, under tittelen «Ein farfar i livet - - ». 25 til stades.

5/6: Busstur til Løkken, organisert av sekretæren, med orientering i Bjørnli, mat på Bergmannskroa, besøk på Bergmannsmuseet og togtur til Svorkmo. Fint ver, og 28 deltagarar.

11/9: Asbjørn Bakke fortalte med ord og bilde om nasjonalhelten Erik Bye, som han har gitt ut ein stor biografi om. Pensjonistlaget og Folkeakademiet var medarrangørar. Ca 35 til stades.

16/10: Bedriftsbesøk til Svorka, med 30 deltakarar. Omvisning, orientering og servering i Svorkabygget på Skei, og dei fleste, dvs. 22, vart med på turen til Enge og Valsøyfjord kraftverk etterpå i flott haustver.

13/11: Kroknes laksevorpe i Halsa. Einar Oterholm orienterte med tekst og bilde, og eigarfamiliar var representerte på møtet. 18 på møtet.

26/11 var senioruniversitetet medarrangør på multimediasførestilling i Rindal i regi av den kulturelle spaserstokken, om «Mitt nabolag» blant kristne søppelkøyrarar i Kairo.

Det har elles vore styremøte i forkant av alle møta, med sikte på planlegging og førebuing, informasjonsarbeid, søknader etc. Rundt 200 har deltatt på dei ulike arrangementa. I tillegg til medlemskontingent og deltakaravgift har vi fått tilskot til arrangementa frå Surnadal Sparebank, Gjensidige og Svorka og dei aktuelle kommunane. (Vi viser til rekneskapen). Nemnast må også den store velviljen vi kvart år møter hos bedrifter og på arbeidsplassar vi besøker. Siste året galdt det spesielt Bergmannsmuseet og energiselskapet Svorka.

Kort om planar for våren 2020

22/1 Årsmøte, og møte med kulturleiar Ole Magne Ansnes frå Sunndal.

6/2 Teatertur til operafestspelvaka i Kristiansund for å sjå «Spelemann på taket». 40 personar er påmeldde.

Mars: Revymøte, med Styrkår Brørs, Henning Sommero, Holger Skei med fleire, i tilknytning til at Styrkår Brørs har skrive bok om revyhistoria i Surnadal.

Det blir tatt sikte på å få til eit besøk på Gammalfabrikken til Talgø i Todal i byrjinga av juni.

Styret